



Møtereferat

Møte nr. 4 i: Arbeidsgruppe lokaldemokrati og identitet	Dato: 25.01.2017	Tid: 09.00-10.30
Møteleiar: Tom Georg Indrevik	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: Christel Møvik-Olsen Lennart Fjell Laila Klemetsaune Silvia Haugland	Forfall: Kim Dale Eide (ingen vara møtte)	
Andre: Vigleik Brekke		
Referent: Vigleik Brekke		

Saksnr	Sakstittel
10/18	Referat frå møtet i fellesnemnda 22.01.2018 I samband med behandlinga av mandatet for arbeidsgruppa, vedtok fellesnemnda den 22.01.2018 nokre presiseringar: <ul style="list-style-type: none">- Fellesnemnda skal vera ein støttespelarar til MOT-festival i 2018- Arbeidsgruppa går i dialog med turlaga knytt til Kystpass- Arbeidsgruppa skal gå gjennom eksisterande venskapsavtaler i dei tre kommunane og koma med forslag til kva ein kan gjera på dette området i nye Øygarden kommune.- Interne kulturarrangement går ut av mandatet. Omdømenamnet <i>Øygarden 2020</i> vart godkjent, og det skal gjennomførast eit framtidsseminar. Til møtet i fellesnemnda den 16 april vert det presentert rammebudsjett for tiltaka.
11/18	Kommunikasjon <ul style="list-style-type: none">- Nye Øygarden kommune er hovudkanal for informasjon, og arbeidet med ny heimeside frå januar 2020 må ha høg prioritet.- Til neste møte vert det presentert forslag til logo for <i>Øygarden 2020</i>.- Det vert undersøkt korleis ein kan finna løysingar for kommunikasjon med lag og organisasjonar ved bruk av app.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

12/18	Frivilligforum Arbeidsgruppa drøfta korleis ein skal møta organisasjonar og lag og få presentert arbeidet med lokaldemokrati og identitet. Det handlar mellom anna om bruk av kulturmidlar og andre tilskotsmidlar som kan stimulera til kulturaktivetatar for heile regionen. Det vert lagt opp til frivilligforum slik i 2018: <ul style="list-style-type: none">- Øygarden: 07.03. kl. 17.30- Sund: 15.03. kl. 19.00- Fjell: Mars
13/18	Kystpass Det er for seint å få realisert felles kystpass for dei tre kommunane i 2018. Fellesnemnda får melding om dette. Turlaga i Fjell og Sund vurderer å slå seg saman i 2018, og arbeidsgruppa oppmodar turlaga til å invitera Øygarden Turlag med i DNT-familien (DNT: Den Norske Turistforening).
14/18	Venskapsavtalar Kulturleiarane lagar oversikt over venskapsavtalar og «internasjonale» avtalar i regi av skulane. Etter ein presentasjon av dette på neste møte, drøftar arbeidsgruppa oppfølging av det internasjonale «venskapsarbeidet».
15/18	Framtidsseminar Arbeidsgruppa ber ordførarar, rådmenn og prosjektleiar å avklara rammer og innhald i eit framtidsseminar før arbeidsgruppa evt. tek fatt i dette arbeidet.
16/18	Diverse <ul style="list-style-type: none">- Arbeidsgruppa drøfta uformelt samordning av adressesystem.- Digitalisering og automatisering i den nye kommunen vart løfta fram som viktig tema knytt til tanken om å sikra lokaldemokrati gjennom innbyggjarfokuserete plattformer.
17/18	Avklaringar til neste møte <ul style="list-style-type: none">- Tids- og milepelsplan- Datoar for frivilligforum i alle tre kommunane, felles presentasjon og profil av prosjektet i alle kommunar- Skisse til logo- Digitalt innspelsystem- Presentasjon av venskapsavtaler som kommunane har og skulane sine internasjonale kontaktar- Oversikt over tilskotsordningar i dei ulike kommunane- Dialog med turlaga om Kystpass 2019- Kommunegenser- 0-punktundersøking digitalt



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

18/18

Førebels til fellesnemnda i april

- Venskapsavtaler
- Innbyggjarundersøking
- Tidsplan
- Økonomi

Skjenet 2, - 26.01.2018

Vigleik Brekke
referent